



**STRYN KOMMUNE**

**STRYN KOMMUNE**

# Lindrande behandling og kreftomsorg

Handlingsplan for Stryn kommune 2025

# Nettverk i kreftomsorg og lindrande behandling er etablert i Helseregion Vest

Dette er eit samarbeid mellom helseføretak, kommunar, Kreftforeininga, Kreftomsorg Rogaland, aktuelle høgskular og Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest (KLB). Nettverka er forankra gjennom særavtalar knytt til dei overordna samarbeidsavtalane mellom helseføretaka og kommunane.

Nettverk for kreftomsorg og lindrande behandling i Helseregion Vest er forankra i lovverk og forskrifter som regulerer spesialisthelsetenesta og dei kommunale helse- og omsorgstenestene, samt følgjande dokument:

- *Leve med kreft. Nasjonal kreftstrategi (2018–2024)* – Helse- og omsorgsdepartementet 2018
- *Nasjonalt handlingsprogram for palliasjon i kreftomsorga* – Helsedirektoratet 2007, sist revidert 2019 (IS-2800)
- *Sterkare saman – mot kreft. Strategi 2024–2027* – Kreftforeininga
- *På liv og død – Palliasjon til alvorleg sjuke og døyande* – NOU 2017:16
- *Lindrande behandling og omsorg. Vi skal alle døy ein dag. Men alle andre dagar skal vi leve* – Meld. St. 24 (2019–2020)
- *Tid for handling – Personellet i ei berekraftig helse- og omsorgsteneste* – NOU 2023:4

Organisering og drift av nettverka følgjer anbefalingane i det nasjonale handlingsprogrammet med retningslinjer for palliasjon i kreftomsorga.

# Ressurssjukepleiarar i Stryn

Mange av ressurssjukepleiarane i Stryn har vidareutdanning innan lindrande behandling. Desse får systematisk kompetanseheving gjennom samlingar i nettverket. Nettverket er kjenneteikna av høg kompetanse og etisk refleksjon.

## Ressurssjukepleiarar i Stryn kommune:

- **Olaug S. Mork** – ansvar for Stryneområdet, vakttelefon heimesjukepleien: 917 21 614
- **Siv Hege Eide** – ansvar for Vikaneområdet, vakttelefon Vikane: 476 91 276
- **Grethe G. Hilde** – ansvar for og kontaktperson mot legetenesta, telefon: 57 87 69 80

## FORMÅL

Vi skal bidra til kompetanseheving og samhandling i helse- og omsorgstenesta i Stryn kommune.

Pasientar med behov for lindrande behandling i alle sjukdomsgrupper, og deira pårørnde, skal oppleve trygge, gode og heilskaplege helse- og omsorgstenester.

## FOKUSOMRÅDE

1. Pasient- og pårørndearbeid
2. Kompetanseheving
3. Leiingsforankring
4. Synleggjering og samarbeid

## 1. PASIENT- OG PÅRØRANDEARBEID

**Mål:** Bidra til at helse- og omsorgstilbudet til pasientar og pårørende held høg kvalitet.

### **Aktuelle innsatsområde:**

- Fremje etisk refleksjon i det daglege arbeidet
- Stimulere til førehandssamtalar med fokus på behandlingsplan for palliasjon – for å hindre overbehandling og unødig sjukehusinnlegging
- Vidareføre arbeid med implementering og systematisk bruk av verktøy som ESAS-r, Livets siste dagar, Mobid-2 og ESAS sekundærobservasjonsskjema
- Fokus på brukarmedverknad og involvering av pårørende
- Stimulere til bruk av etterlattesamtalar

## 2. KOMPETANSEHEVING

**Mål:** Arbeide for at kunnskap, ferdigheiter og haldningar blir vidareformidla til kollegaer på arbeidsplassen.

### **Aktuelle innsatsområde:**

- Kunnskap om å identifisere den palliative pasienten
- Bidra til god kommunikasjon med alvorleg sjuke pasientar og deira pårørende
- Fokus på lindrande behandling ved kreft, hjarte-/lunge-/nyresjukdom, demens og nevrologiske sjukdommar. Samt arbeid for gode system, retningslinjer og prosedyrar for desse pasientgruppene
- Anbefaler nettundervisning som «Den lille forskjellen» frå Aldring og helse i samarbeid med USHT. Bli kjent med KLB sitt undervisningsmateriell: *Palliasjon – verktøy for helsepersonell*, Helse Bergen HF

## Ressurssjukepleiar kan tilby internopplæring

Avdelingsleiar bestiller opplæring etter behov.

### **Aktuelle tema:**

- Grunnleggande palliasjon
- ESAS-r, ESAS sekundær observasjon
- Mobid 2
- Smertepumpe, praktisk opplæring
- Ernæring, beriking av kost
- Livets siste dagar – når starte?
- Prosedyre ved dødsfall
- Den gode samtalen
- Ethiske dilemma
- Plan for lindring og best mogleg livskvalitet, individuell plan
- Håndbok: «Lindring i Nord» – korleis bruke denne?
- Informere nyttilsette om nettverket og rolla som ressursperson
- Informere kollegaer etter nettverksmøte og årleg fagdag

## 3. LEIINGSFORANKRING

**Mål:** Arbeidet til ressurssjukepleiar skal vere forankra i leiinga. Leiar og ressursperson har eit gjensidig ansvar for nettverksarbeidet.

### **Aktuelle innsatsområde:**

- Leiaren er kjent med [lokal handlingsplan](#)
- Årleg møte mellom leiar og ressursperson. I tillegg årleg fellesmøte for alle ressurssjukepleiarar med nestleiar for helse og sosial
- Oppmoding til leiarar om å evaluere nettverksarbeidet gjennom årleg rapportering
- Informere om introduksjonskurs for nye leiarar og årleg fagdag

## 4. SYNLIGGJERING OG SAMARBEID

**Mål:** Nettverket skal vere kjent blant helsepersonell, pasientar og pårørande.

**Aktuelle innsatsområde:**

- Gjere lokal handlingsplan kjent i Compilo og på heimesida til Stryn kommune
- Fremje tverrfagleg samarbeid og erfaringsutveksling

## Aktuelle nettsider

[Kompetansesenteret i lindrande behandling Helse Bergen](#)

[Handbok i lindrande behandling Universitetet Nord-Norge](#)